



Høyringsforslag - Forskrift 27. juni 2024 om permisjon frå skulen i Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 (4)

§ 1 Formål og virkeområde

Formålet med permisjonsforskrifta er å sikre lik handsaming av søknader om permisjon og å sikre plikt og rett til grunnskuleopplæring.

Permisjonsforskrifta gjeld for alle grunnskulane i Ulstein kommune. Skulane kan i tillegg til forskrifta ha eigne reglar for kortare fråver enn ein dag, samt melding i høve sjukefråver. Fellesforskrifta kan ikkje avvikast.

§ 2 Permisjon inntil 10 dagar

Vilkåra for permisjon er regulert i opplæringslova § 2-2 *Plikt til grunnskuleopplæring*

(...)»Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen.»(...)

Søknad om permisjon skal sendast den einskilde skule på fastsett skjema. Søknaden skal grunngjevast, og omtale kva undervisningsopplegg føresette gir eleven i permisjonstida. Rektor ved skulen kan innvilge søknad om permisjon i inntil 10 dagar når han/ho finn dette forsvarleg.

§ 3 Vurdering av kva som er forsvarleg

I vurderinga av når det er forsvarleg å innvilge søknad om permisjon skal rektor ta omsyn til:

- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida, herunder kartleggingsperioder, nasjonale prøver, tentamen, eksamen
- Eleven sin permisjonshistorikk
- Eleven sin undervisningssituasjon, herunder emne, fag, aktivitetar som krev deltaking og konsentrasjon



§ 4 Melding om heimeundervisning

Privat grunnskuleopplæring i heimen er heimla i opplæringslova § 22-5. Foreldre har plikt til å melde frå til kommunen dersom dei skal gi barna privat grunnskuleopplæring i heimen. Slik melding skal gjevast den einkilde skule på fastsett skjema. Kommunen har tilsynsansvar med denne opplæringa.

§ 5 Permisjon for trusretningar

Medlemer av trussamfunn utanfor Den norske kyrkje har, etter søknad, rett til permisjon på deira heilag dagar i tråd med opplæringslova § 2-2:

(...) «Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.» (...)

§ 6 Utanlandsopphald

Etter tre månadar i utlandet vert ikkje born lenger rekna som busett i Noreg, og er difor ikkje omfatta av opplæringsplikta jamfør opplæringslova § 2-2. I dei høva foreldra gir skulen melding om utanlandsopphald over tre månadar på førehand, fell plikta bort ved avreisedatoen. I alle andre høve fell plikta bort når utanlandsopphaldet har vart i meir enn tre månadar. Regelen om tre månadar gjeld uavhengig av skuleruta, det vil seie uavhengig av om opphaldet delvis vert lagt til skulen sine feriar.

§ 7 Dokumentert fråver

Når eleven er borte frå skulen på grunn av sjukdom, tannlækjar, gravferd og anna, vert dette rekna som dokumentert fråver når melding vert levert frå føresette eller sjukmelding frå lækjar.

§ 8 Udokumentert fråver

Når eleven er borte frå skulen uten at det vert levert melding/søknad frå føresette, vert dette rekna som udokumentert fråver.

§ 9 Planlagt fråver

Ved planlagt fråver kan desse innvilge permisjon i følgande omfang:

- Timelærar sin time
- Kontaktlærar fleire timar – inntil ein dag



ULSTEIN KOMMUNE

- Rektor – inntil 10 dagar, jf Kommunal forskrift pkt II § 4

§ 10 Saksbehandling

Rektor får delegert mynde til å fatte vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar inntil ein dag kan rektor delegere mynde til å innvilge permisjon til kontaktlærer.

§ 11 Klagerett

Behandling av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som ein kan klage på. Ei eventuell klage sendast til skulen v/rektor. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket kom til klagar. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for å klage på vedtak etter opplæringslova.

§ 12 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.